

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/570

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
07/2016	Valstyret	PS	02.03.2016
12/2016	Valstyret	PS	20.04.2016

## Godkjenning av røystesetlar

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret har delegert til valstyret i møte 10.02.16 endeleg utforming av røystesetlar. Rådmann har skissert to alternativ:

- a. Ein røystesetel der det kan kryssast av for anten JA eller NEI (Let ein vere å setje kryss tel den som blank stemme).
- b. Ein røystesetel med JA, ein med NEI og ein blank.

Rådmann peikar på føremonane ved alternativ a). Vi treng færre røystesetlar ved dette alternativet. Dette vil verte både rimelegare og meir praktisk.

Ved alternativ b) unngår ein tvil om kva alternativ det er kryssa for. Utforming av røystesetelen vil elles vere avhengig av røystealternativ t.d. fleire alternativ enn i intensjonsavtalen.

## Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

## Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

## **Valstyret - 07/2016**

### **VS - behandling:**

Framlegg til vedtak:

"Saka vert utsett."

**Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

### **VS - vedtak:**

"Saka vert utsett."

## **Valstyret - 12/2016**

### **VS - behandling:**

**Framlegg til røystesetel frå Øyvind Oddekalv, AP:**

"Alt. 1: Meland kommune byggjer ny kommune med Lindås, Radøy og ev. fleire kommunar i Nordhordland.

Alt. 2: Meland kommune held fram som eigen kommune."

**Framlegg til røystesetel frå Per Kristian Holmetun, SP:**

- Meland kommune held fram som eigen kommune
- Meland kommune byggjer ny kommune med Lindås og Radøy
- Meland kommune byggjer ny kommune med alle kommunene i Nordhordland og Gulen"

### **Avrøysting:**

**Framlegget frå Øyvind Oddekalv fekk 6 røyster for, (2 AP, H, KrF, FrP, V), 1 røyst mot, (SP), og er såleis vedteke.**

### **VS - vedtak:**

"Alt. 1: Meland kommune byggjer ny kommune med Lindås, Radøy og ev. fleire kommunar i Nordhordland.

Alt. 2: Meland kommune held fram som eigen kommune."